

Leiv Ellingsen
Snippen 4
0566 Oslo

Oslo, 10. desember 1998

Tysvær kommune
Teknisk etat
5570 AKSDAL

VEDR.: BYGGEMELDING

Vedlagt er utfylt byggemeldingsskjema for utbygg på hytte på gnr 1, bnr 30 på Odlandsneset. Utbygginga vil skje i fleire etappar med ein god del eigeninnsats, bl.a. vil endringa av fasaden mot sjøen med utviding av terrassen neppe skje kommande år. I første omgang er det snakk om å byggja ut baksida mot aust, med utviding av soverom og kjøkken (som idag er svært små rom), litt større inngang og nytt hjørnerom med elektrisk tørrklosett til erstatning for dagens utedo.


Etter utbygging av soveroms- og kjøkkendelen mot vest vil hjørnet av hytta liggja tett opp til gjerdet mot nabotomt. Skriftleg samtykke frå grunneigaren er vedlagt.

Tre av naboane har blitt vist teikningar og blitt orientert om byggjeplanane, og nabovarsel med deira underskrifter er vedlagt. Den fjerde eigaren av nabotomt får nabovarsel i rekommandert sending, jfr. vedlegg.

Det er to hytter på eigedommen. Byggjemeldinga gjeld den nordlegaste av desse, som er avmerka på vedlagte oversiktskart.

Skulle det vera spørsmål, kan eg kontaktast på nedanståande telefon/faksnummer.

Vennleg helsing



Leiv Ellingsen

Telefon/faks privat: 22 37 27 13
Telefon kontor: 22 24 46 09
Telefaks kontor: 22 24 27 10